

Roleg julefeiring

Ifølgje Kvam lensmannskontor har det vore ei svært roleg julefeiring i Kvam.

– Det har vore fleire promillekontrollar, men alle har blåse grønt, seier politibetjent Ann-May Garen.

Trass vanskelege køyretilhøve er det ikkje meldt om uhell i trafikken.

Også Jondal lensmannskontor melder om ei roleg julefeiring utan utrykkingar.

– Hald på prosjektet

Hardinghuset AS ynskjer ikkje den nedlagde ungdomsskulen i Norheimsund som kulturhus. Mellom andre Martin Vik (Sp) og kunstnarorganisasjonen Harding puls har teke til orde for å vurdera ei slik løysing.

– Me vil oppmoda om å halda på det vedtekte prosjektet frå 2004 og gjennomføra det. Det er eit svært godt prosjekt som er klart til å realiserast, skreiv styreleiar Karsten Valland og styremedlem Geirmund Storaas i eit brev til heradsstyret før budsjettmøtet 15. desember.

Dei trur det er lite å spara på å bruke skulen fordi rehabiliteringskostnadene vil vera store. Dessutan må dei fleste funksjonane byggjast nye, påpeikar dei.

I brevet framhevar Valland og Storaas at den gamle skulen ligg sentralt, men ikkje i gata der folk flest oppheld seg. Sjøansen for at folk stikk innom er mykje større dersom kulturhuset ligg på meieritomta, meiner dei.

– Hardinghuset vil vera eit lyft for Kvam og Norheimsund. Det er fleksibelt og nyskapande, og vil bidra til utvikling og styrking av Norheimsund som regionsenter, heiter det i innspelet.

Brevet "fungerte"! Alle fall føreslo ingen i budsjettmøtet i heradsstyret å vurdera ungdomsskulen som kulturhus.

Får meir tid

Svein Meidell Østensen oppmodar Kvam herad om å svara på Fylkesmannens brev om Eikeneset.

– Det er ikkje heimel for å unnlata å svara. Eg bed difor om ei forklaring på at administrasjonen har avstått frå å gje tilbakemelding, skriv Meidell Østensen i eit brev til heradet.

Tre dagar seinare fekk han svar. Rådmannen forklarar at han har hatt munnleg kontakt med Fylkesmannens miljøvern-avdeling, og at framtida til Eikeneset vart drøfta i eit møte med Fylkesmannen 27. november.

– Etter at Eikeneset skifta eigar, har Kvam herad gjeve den nye eigaren høve til å koma med ein plan for eigedomen før heradet følgjer opp Fylkesmannens krav, skriv rådmannen, som forsikrar at han har ein "god dialog" med den nye eigaren.

TUNDRA SCREEN
SOLSKJERMING
Effektiv skjerming – godt utsyn – enkel å betjena
Ring i dag
Alfred Melli 56 51 08 66 (8 – 21)
www.alfredmelli.no

UTFELLBARE BRANNSTIGER

Norgesstigen er Norges mest solgte brannredningsstige. Norgesstigen har internasjonal SGS godkjenning. Den sterkeste godkjenning en stige kan ha! Norgesstigen er beregnet for norsk klima og har **20 års garanti!**
Ring i dag og bestill brannstige til deg og din familie.

NÅ GRATIS FRAKT OG 60% PÅ MONTERING!

TLF. 413 17 405

Gamlevegen freda

Riksantikvaren har nyleg freda 40 vegar. Ein av dei er gamlevegen i Tokagjelet.

LARS ARVID OMA

I grunngevinga heiter det mellom anna at vegen frå 1907 har nasjonal verdi som veggistorisk kulturminne. Vegen er eit døme på korleis krav til stadig betre framkomst tvinga fram vegar i særers vanskeleg terreng. Resultatet fortel om vegbyggingsteknikk og ingeniørkunst i eit vanskeleg og bratt terreng.

Krigshistorie

Den særprega vegen fortel også om ein viktig del av krigshistoria i Noreg. Det er mellom anna hogt inn 15 krossar som viser kvar tyskarane underminerte vegen for å kunna sprengja han vekk dersom "fienden" skulle prøva å ta seg gjennom Tokagjelet.

Ifølgje riksantikvar Jørn Holme er målet og omfanget av vernet ulikt for dei 40 vegane, som alle er i statleg eige. Nokre vegar er i bruk, andre ikkje.

Forvaltingsplanane for vegane vart sende ut i februar og har vore på høyring i kommunar og fylkeskommunar.

Fredinga har samanheng med Statens vegvesens nasjonale verneplan for vegar, bruer og kulturminne knytte til vegar. Planen vart utarbeidd på oppdrag frå



Opprusting: Statens vegvesen har planar om å setja den freda gamlevegen i Tokagjelet i stand til gang- og sykkelveg.

Foto: Liv Marit Rui

Samferdsledepartementet, og var ferdig i 2002.

Gang- og sykkelveg

– *Kva skjer med gamlevegen i Tokagjelet etter fredinga?*

– Meininga er å gjera han om til gang- og sykkelveg, men fyrst må geologar undersøka fjellet over vegen. No er det ikkje forsvarleg å ta vegen i bruk, seier seniorrådgjevar Liv Marit Rui i Statens vegvesen.

Ifølgje forvaltingsplanen skal delar av vegen setjast i stand til tidlegare standard.

Det skal setjast opp nye stabbesteinar på betongsåle, og ein del natursteinmurar skal restaurerast. Det skal også setjast opp skilt og informasjonstavle.

Allt arbeid må gjerast i tråd med retningslinene frå nemestyresmaktene.

oma@hf.no

Sjablongverdiane offentlege

Dagen før budsjettdebatten i heradsstyret 15. desember offentliggjorde rådmannen dei såkalla sjablongverdiane som vert nytta til taksering av eigedomar i Kvam.

SIGBJØRN LINGA

Verdiane er som følgjer for ulike typar eigedomar:

- Einebustad, tomannsbustad, rekkjehus, andre bustadbygg, våningshus, fritidsbustader og hytter: 10.000 kroner per rutemeter.
- Garasjar, uthus og naust: 2.000 kroner per rutemeter.
- Tomt: 150 kroner per rutemeter.
- Industri, verkstad og isolert lager: 3.000 kroner per rutemeter.
- Lagerbygg: 2.000 kroner per rutemeter.
- Kontor og forretningsbygg: 6.000 kroner per rutemeter.
- Camping: 5.000 kroner per rutemeter.
- Hotell, restaurant og andre næringsbygg: 4.000 kroner per rutemeter.
- Drivhus: 1.000 kroner per rutemeter.

Den nemnde prisen for tomter gjeld tomter i regulerte område med veg, vatn og kloakk. Råtomter utan desse goda får ein såkalla reduksjonsfaktor på 0,3. Hytter i område utan veg, vatn og kloakk,

som Fitjadalen, Sjusete og Hamlagrø, får ein reduksjonsfaktor på 0,8.

Faktorar av ulike slag

Dei såkalla etasjefaktorane er 1,0 for hovudetasje, 0,6 for underetasje, 0,2 for kjellar og 0,4 for loft. Det vil til dømes seia at verdien av underetasjerealt vert rekna som 60 prosent av verdien av hovudetasjerealt.

Alderen og standarden på bygningar påverkar òg takstverdiane. Den såkalla indre faktoren er 1 for bygningar godkjende etter 1997. Faktoren søkk gradvis med alderen på huset. Den lågaste faktoren – 0,4 – gjeld bygningar godkjende før 1920.

Takstverdiane vert fastsette etter utvendig synfaring. I spesielle tilfelle kan det vera aktuelt med innvendig synfaring. Er ein bygning oppført i fleire byggetrinn, må storleik og alder for dei ulike delane sjåast "i høve til kvarandre", heiter det i retningslinene. Er delar bygningen totalrenovert, kan det medføra at takstverdien stig.

Du kan be heradet om innsyn i den førebelse takstverdien av dine eigne eigedomar.

Gjennomsnitt

Dagen før heradsstyremøtet sende prosjektleiar for *E-takst 2010*, Per Øyvind Tveiten, informasjon om førebelse takstverdiar til heradsstyret. Oversynet er basert på eigedomar som var førebels tak-

serte av sakkunnig nemnd 10. desember, og omfattar difor ikkje alle eigedomane.

Ifølgje Tveiten var den gjennomsnittlege, førebelse takstverdien av 673 eigedomar i Norheimsund 1,32 millionar kroner. I Øystese var gjennomsnittet av 508 eigedomar 1,27 millionar kroner. I Ålvik var gjennomsnittverdien 0,74 millionar kroner av 287 eigedomar, og i Tørvikbygd 1,2 millionar kroner av 130 eigedomar.

I takseringa vert det ikkje skilt mellom fritidsbustader og bustader. På gard nummer 19 på Kvamskogen var 606 eigedomar takserte til eit gjennomsnitt på 0,7 millionar kroner. På gard nummer 21 var 596 eigedomar takserte til eit gjennomsnitt på 0,73 millionar kroner.

Nærings eigedomar

Talet på nærings eigedomar er så lågt at gjennomsnittsverdiar gjev lita meining, ifølgje Tveiten. Han ramsa i staden opp ein del døme på anonyme eigedomar.

Tala viser at enkelte næringsdrivande må stålsetja seg for å tola om lag ei dobling av eigedomsskatten. Til dømes er den førebelse takstverdien av ein eigedom i Øystese 18,9 millionar kroner. Den gamle takstverdien var 9,8 millionar kroner.

linga@hf.no